



Oterholtvegen 148, 3802 Bø
org nr 975618838

Bø, 9. mars 2026

Til

- Midt-Telemark kommune v/utval for oppvekst og kultur (post@mt.kommune.no)
- Universitetet i Sørøst-Norge v/kulturstudiet (postmottak@usn.no)
- Bø Bygdekvinne lag (astrid@hsag.no)
- Spelemannslaget Bøheringen (peranders@buen.no)
- Bø Ungdomslag (bungdomslag@gmail.com)
- Bø mållag (bomallag@gmail.com)
- Medlemmene

Innkalling til årsmøte 2026 – Bø museum

Stad: Polen, Bø museum, tysdag 24. mars 2026 kl 18.00.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar, referent og to til å skrive under protokollen
3. Årsmelding 2025
4. Rekneskap 2025
5. Årsplan 2026
6. Budsjett 2026
7. Medlemskontingent 2027
8. Innkomne saker
 - a) Frå styret; Bø museum sine vedtekter, forslag til endring av § 1
9. Val

Årsmelding, rekneskap, forslag til årsplan, budsjett for 2025 og forslag til endring av vedtekter er vedlagt årsmøteinnkallinga.

Enkel servering. *Velkommen på årsmøtet!*

Helsing Kristin Kleppen
leiar Bø museum



Årsmelding Bø museum 2025



Frå utstillinga 2025, foto: C. Authen.

Bø museum er eit regionalt museum danna september 1977. Museet var tidleg tufta på eit samarbeid mellom Bø kommune, Bø ungdomslag, Bø bondekvinnelag, Bø historielag, Bø mållag, Spelemannslaget Bøheringen og Telemark distriktshøgskule. I byrjinga og fram til og med året 1999 heitte museet Bø bygdemuseum, før det i år 2000 skifta namn til Bø museum. Frå 1981 kunne publikum takast imot ved museet og frå 1982 hadde museet fast opningstid. Bø museum var i perioden 01.01.2003 - 31.12.2015 ein del av Telemark Museum. I den perioden hadde Telemark Museum driftsansvaret for Bø museum. Etter dette har museet i hovudsak vore drifta med utgangspunkt i kommunale ressursar og ulike søknadsmidlar, og har sidan skipinga på 1970 talet hatt glede av stort engasjement frå lokal frivillighet.

Bø museum blir drifta som sjølvstendig museum, og er med i Midt-Telemark Museumslag; eit samarbeid mellom kulturorganisasjonar i Midt-Telemark.

Museet skal jmf. vedtektene i museet: «Ta vare på bygningar, gjenstandar og annan tradisjon som er særmerkt for tradisjon i Bø, og drive museumsverksemd, samle, sikre dokumentasjon, drive formidling og utvikla ny kunnskap gjennom forskning». Det er Bø museum sitt styre, leia av styreleiar, som har økonomisk og formelt ansvar for forsvarleg drift av museet. Tilsett museumsstyrar/konservator har fagleg ansvar for dagleg drift (Sjå vedtekter, Bø museum §1 og 4).

Årsmøtet 2025 blei halde 25. mars 2025, det møtte 18 personar.

Årsmøtet vedtok uendra medlemskontingent for 2026, kr 300 for enkeltmedlemmer og kr 400 for familie/husstand.

Styret for 2025

Leiar Kristin Kleppen

Kari Lønnestad

Geir Sønstebø

Olav Liestøl

Gunleiv Brukås

Ingrid Smedstad, representant for Midt-Telemark kommune.

Sigrd Straand, personleg vara for Ingrid Smedstad

Varamedlemmar

1. Ellen Schrumpf

2. Atle Tjønnås

3. Halvor Kleppen

4. Kristin Ødegård Vestgarden

5. Sigrd Aksnes Stykket

Revisor: Hans Martin Rugstad

Valnemnd

Borgar Kaasa til 2028

Einar Fagerås til 2026

Evy Beate Stykket til 2027

Dagleg leiar, Cecilie Authen (fom oktober 2024).

Fordeling av verv

Styret konstituerte seg sjølv slik:

Nestleiar: Geir Sønstebø

Skrivar: Cecilie Authen (ikkje medlem av styret)

Kasserar: Bergit Li (ikkje medlem av styret)

Rekneskapsfører: Torgeir Heiberg Larsen (ikkje medlem av styret)

Økonomiansvarleg: Kristin Kleppen

Arbeid i styret

Styret for Bø museum har hatt 7 møte og behandla 69 saker i 2025. Viktige saker som det er arbeidd med, kan nemnast:

- Forvaltning /strategiplan 2025-2030, utarbeidd av dagleg leiar. Det er tatt utgangspunkt i den gamle planen 2020-2025, men den nye er meir omfattande. Planen blei godkjent på årsmøtet 2025.
- Økonomi har vore tema på kvart styremøte med god oversikt frå kasserar over status og søknader om pengar til ulike prosjekt.
- Bø museum er tatt opp som medlem i Norges museumsforbund, noko som er svært positivt.
- Styret har utarbeidd organisasjonskart med fordeling av ansvar og oppgåver.
- Framtidig drift og finansiering av Bø museum. Dagleg leiar arbeider konkret framover med økonomisk utvikling.
- Møte mellom Bø museum og Midt-Telemark kommune 27. november. Saker: fornying av avtaler som BM har med MT kommune, økonomi og orientering om drifta ved museet.
- Bø museum eig ein Fordson traktor frå 1937, og frivillige arbeider med istandsetting av traktoren. Arbeidet blir gjort ferdig i 2026.
- Det er bygd ein paviljong på museumsområdet som traktoren skal stå under. Arbeidet er gjort av frivillige ved Bø museum, elles finansiert med tilskot.
- Årsmøtet 2025 vedtok å selje bygningane på Østerli til nåverande grunneigar. Det er arbeidd med salet gjennom året, og salet blir slutført vinteren 2026. Salssum kr 150 000.
- Leige av magasin; det er gjort avtale på Lien Oksestasjon å leige eit større areal til museets større/ureine gjenstandar, både 1. og 2. etasje. Leigeavtale «Pakkbu Løvlund» er sagt opp, og gjenstandar tidlegare magasinert her er flytt til Lien.
- Nytt magasinbygg; Olav Skjeldal laga teikningar til magasinbygg for nokre år sidan. Bø museum får bruke desse teikningane vederlagsfritt i arbeid med nytt bygg. Dagleg leiar har søkt midlar til forprosjekt.
- Prosjekt «Utvikling av Kvennøya»; følgjande er med i arbeidsgruppa: Olav Liestøl (leiar av gruppa), dagleg leiar Cecilie Authen, Geir Sønstebø, Håkon Strand.
- Arbeidet med å laga ein områdeplan for museumsområda har starta, planen blir sendt kommunen for godkjenning på nyåret 2026. Gruppa har hatt positive møte med kraftverket.
- HMS / Brannsikkerheit. Bø museum har årleg kontroll av brannalarmanlegg og innbrotsalarm. Kvart 3. år har Eltilsynet kontroll. Museet har starta arbeidet med å lage ein plan for internkontroll HMS. Ein av dei frivillige pådrog seg ein skade i 2025.

Medlemer: Bø Museum hadde 112 betalande medlemmer og 7 livsvarige medlemmer pr. 31.12.2025.

Økonomi:

Museet mottok driftstilskot frå Midt-Telemark kommune og arbeider kontinuerleg med å søke midlar.

Formidling

Nøkkeltall pr. 31.12.25.

Totalt hadde Bø museum cirka 3000 besøkande i 2025. Årets utstilling hadde ein auke på nær 40% fleire besøkjande samanlikna med 2024. I tillegg kjem dei som brukar museumsområdet og Kvennøya til friluftaktivitetar.



Frå formidlingsopplegg Energi på Kvennøya, mai 2025. Foto: Cecilie Authen

Besøk frå skule og barnehagar

- Våren 2025 var førskulegruppene i barnehagane på museet, baking av brød i steinomnen. Fem grupper og 60 ungar. I august/september baka 6. klassetrinn brød i steinomnen, fire klasser fordela på fem dagar, vel 70 elevar. Baking av brød i steinomnen er eit halvdagsopplegg, og alle får med seg «sitt» brød heim. Tre til fire frivillige frå museet er med kvar dag. Bø museum planlegg og koordinerer opplegget.
- Prosjekt «Energi på Kvennøya» blei tilbydd 6. klassetrinn i mai, 90 elevar fordelt på fire dagar. Prosjektleiari var Jarle Tyvold. Opplegget er del av Den kulturelle skulesekken og ble gjennomført med bistand frå frivillige.

Anna besøk

Bø vgs, to klasser. Studentar frå USN, tre grupper. Flesberg historielag.

Enkelpersonar/mindre grupper. Både studentar og elevar brukar museumsområdet på Oterholt og Kvennøya.

Arrangement

- Dugnads-/medlemsfest 27. februar
- Foredrag om stokkebåten v/Pål Nymoen 24. april
- Kulturtur i Årmodalen 27. mai, samarbeid med Bø Turlag. Kjentmann Gunleiv Brukås.
- Pilegrimsvandring 29. mai, open kafe.
- Open dag 27. september, open utstilling og kafe.
- Foredrag om utvandring v/Anne Haugen Wagn, 13. november
- Med hardingfele og boots v/Torgeir Straand, 11. desember.
- Julemesse 29. og 30. november, godt besøk. Kafe på Polen. Felespel v/Spelemannslaget Bøheringen søndag. Aktivitetar for barn i utstillingsbygget, elevar i 8. og 10. klasse med valfaget «Innsats for andre» hjelpte til. Nisse i fjøset. Sal av kaker mm i Åsestugo, på Åheim var det sal av bøker og ulike handverksprodukt mm.
- Sommarutstilling «Med nål og tråd – folkedrakt, bunad og moderne tekstilkunst». Dagleg leiar Cecilie Authen var kurator for utstillinga, med god hjelp av Terje Lia, Hedvig Juell, Ingrid Smedstad, Evy Beate Stykket, Anne Hermansen. Museet var ope frå 28. juni til 27. juli. To unge jenter dela på å vere museumsvertar.

Det var program kvar søndag, kalla «Sommarsundag på museet».

28. juni, opningsdagen: Program med Cecilie Authen og Terje Lia.

29. juni: Å kunne eg fara til Telemark, ved Halvor Kleppen

6. juli: Kvennøya, hus og historie, ved Finn Rønning

13. juli: Biletveven i Noreg, ved Mari Fossfoss

20. juli: Sliping av verktøy, ved Hans Strand

27. juli: Slåttar frå Seljordshei til Oterholt ved Einar Øverland og Torgeir Straand

Kari Lønnestad hadde ansvar for sundagsprogramma.

Det blei registrert vel 1000 besøkande i sommarsesongen. Det var spesielt godt fram møte dei dagane det var program. To sundagar var det sal av suppe. Museumsområdet såg «innbydande» ut i sommar, vedlikehaldsgruppa gjorde ein god jobb med kantslått rundt omkring, og kommunen har slått gras et ca ein gong i veka i løpet av sommaren.



Frå utstillinga 2025 og barn i arbeid med brødbaking, foto tv: C. Authen, foto th: Bergit Li.

Frivillig innsats

Enkeltpersonar og følgjande grupper utfører mykje frivillig arbeid: Støttegruppa, vedlikehaldsgruppa, arrangementskomité og utstillingsgruppe. I tillegg til arbeidsoppgåver som er nemnt under støttegruppa og vedlikehaldsgruppa, kan nemnast: tilrettelegging og ta imot ulike grupper ved museet, organisering av besøk frå skule / barnehage, registreringsarbeid, fotoarbeid, ettersyn av bygningar. Dugnadsinnsats av frivillige er heilt avgjerande for at det skal vera drift ved museet. Om lag 70 frivillige har bidratt ved Bø museum.

Støttegruppa

Støttegruppa har hjelpt til under julemessa; baking av småkaker på førehand og ansvar for kafe Polen, sal i Åsestugo og loddsal. Gruppa klargjorde Åheim og Åsestugo før sommarsesongen, og hjelper til ved ulike arrangement. Tre frå støttegruppa har gått gjennom ein del tekstilar på Åheim.

Rekneskap for 2025 er vedlagt Bø museum sin rekneskap. Tilskot til eigarstyret kr 44 000, til dekking av utgifter pipe Åsestugo.

Andre aktørar som nyttar Bø museum sine lokale fast: Litteraturgruppe ein gong i månaden vår og haust, Spelemannslaget Bøheringen øver annankvar veke vår og haust.



Frå frivillig innsats og arbeide med ny paviljong til museets Fordson traktor 2025. Foto: C. Authen

Samarbeid i Midt-Telemark Museums lag

Midt-Telemark Museum er eit samarbeid mellom kulturorganisasjonar i Midt-Telemark, og viktig oppgåve er samordning av arrangement mellom medlemsorganisasjonane.

Medlemmer er Bø museum, Stiftelsen Evju Bygdetun, Hørte Dampfarveris Venner, Sauherad Historielag, Stiftinga Bø Prestegard og Norsk Hardingfelesenter (frå 2022). Ein representant frå kvar organisasjon er representert i styret.

MT Museums lag har inngått avtale med Visit Bø.

Felles arrangement i 2026: Gåramesa 6. juli. Crossings200 – foredrag i Gullbring 21. oktober «Ørkenen Sur» ved Thor Gotaas.

Midt-Telemark Museums lag hadde årsmøte 8. april, Kristin Kleppen er styreleiar.

Bygningsvern

- Åheim blei måla ferdig sommaren 2025, av Marek Jakobczyk. Heile bygningen har fått to strøk med måling.
- Åsestugo - det har vore lekkasje rundt pipa og øydelagt brannmuren både i 1. og 2. etasje. Nå er det tetta rundt pipa utvendig, og mur innvendig er pussa og måla.

Vedlikehaldsgruppa

Vedlikehaldsgjengen har hatt ein del prosjekt i 2025. Fordson traktor er flytt frå lageret til Solberg til verkstaden hos Eivind Forberg. Her har den blitt renover, og målsetting er at den blir klar våren 2026. Største prosjekt i fjor var å bygge ein paviljong på museet for traktoren. Me hjelpte til med å flytte ein del gjenstandar frå Østerli og frå Finn Rønning til Lien. Pakkbua Løvlund blei tømt for gjenstandar, og plassert på Lien. Det er rydda langs Møllebekken på Kvennøya. Hjelpete til med rigging av sommarutstillinga. I tillegg generell rydding og vedlikehald på museumsområdet. Vedlikehaldsgruppa tel nå 13 personar. Dugnadstimar i 2025: 797.



Frivillig innsats og støtte frå næringsliv bidro og til utbetring av grusgangar og skilting på museumsområdet juni 2025. Foto: C. Authen

Samlingsforvaltning

Nøkkeltal pr. 31.12.2025

- Gjenstandssamlingar: 9 067 registrerte gjenstandar, og 2 355 av desse er publisert og formidla på digitaltmuseum.no
- FOTOSAMLINGAR: 50 000 fysiske fotografi, og omkring 70 000 digitaliseringar. Omkring 13 000 foto er publisert og formidla på digitaltmuseum.no.
- Privatarkiv: Bø museum bevarer om lag 250 ulike arkiv. Arkiva er publisert i ei oversikt over på lokalhistoriewiki.no.
- Bygningar: Bø museum forvaltar 16 bygningar pr desember 2025.

- Filmsamlingar: Bø museum bevarer ei større filmsamling etter Gunhild og Birger Kinck som tel omkring 1 200 nummer.
- Boksamlingane: Museet si lokalhistoriske fagboksamling utgjer omkring 10 200 bøker. Bøker/tidsskrift/trykksaker blir registrert i systemet Tidemann.
- På digitale flater som DigitaltMuseum, er formidla 15 353 objekt pr. 01.01.2026. I 2025 hadde samlingane på nettplattforma ein auke på fleire tusen besøk med 62413 besøk frå 27 434 brukarar, fordelt på land frå heile verda, men primært Noreg. 45 553 av visningane var knytt til fotosamlinga til museet.

Som viktig tiltak i (2024) 2025, vart endeleg digital infrastruktur sett i verk og implementert ved inngangen til 2025. Alle dei digitale samlingane til museet, administrativt arkiv og digitale lisensoppfølging med meir inngår i bevaringsløysinga, og blir drifta med bistand frå firma Lidvard Arvesen AS. Omlegging til profesjonell IT forvaltning har vore eit kostbart, men svært viktig tiltak for å sikra dei digitale samlingane til museet og It-drift framover. Tiltaket var ellast forankra og i tråd med museets «Plan for forvaltning av samlingar, formidling og strategi for Bø museum 2025-2030» og ICOMs museumsetiske regelverk ellers.

Gjenstandsforvaltninga

Bø museum har i ei årrekke arbeid med registrering av gjenstandar og foto i forvaltningssystemet Primus og deltaking i nettportalen Digitalt Museum. Bø museum har mottatt eit fåtal nye gjenstandar i 2025. Det var noko avhending i 2025 i samband med flytting av gjenstandar frå magasin «Pakkbu Løvlund» til magasin for større gjenstandar ved Lien Oksestasjon. Gjenstandar avhenda var primært uregistrerte/svært forvitra (øydela) gjenstandar.

Det er elles utført noko ordningsarbeid med gjenstandssamlinga i kommunehuskjellaren i 2025. Mange av felene i utstillingsbygget er fotografert i samband med digital utstilling om hardingfelesamlinga til museet, men arbeidet er ikkje gjort ferdig da midlar først blei løyvd november 2025.



Frå arbeid med dokumentasjon av samlingane på Østerli sommar 2025. Foto C. Authen

Eigedom og gjenstandar Østerli.

Bø museum vedtok våren 2025 å avhenda Østerli gnr. 18 brn. 6 frå samlingane sine. Staden lét seg vanskeleg formidlast til publikum, og hadde vore lite formidla i ei årrekkje. Vidare stod ein på dette tidspunktet ovanfor ei omfattande renovering av bygningsmassen.

Bygningane var vidare plasserte på annan eigars grunn (kjøpar). Styret ønskte derfor at eigar av grunnen vart kontakta om å kjøpa tilbake bygningane slik at eigedommen dei stod på igjen vart heilskaplege. Dette resulterte i at grunneigar kjøpte tilbake bygningane for 150 000 kr. På tidspunkt for overdraginga var bygningane ikkje regulerte for bustadformål.

Kontraktfesta var museet berre forplikta til å etterlata seg fast inventar. Men det var viktig for Bø museum sitt styre og dagleg leiar, at dei gjenstandane som ved kjøp frå Sveinung Østerli (f 1934) til Bø museum i 1978, og som opphavleg kom frå garden, skulle følgje salet i størst mogleg grad. Gjenstandar som fall inn i denne kategorien, vart vedtatt å følgde eigedomssalet og med det avhenda frå Bø museum sine samlingar.

Deponering Nasjonalbiblioteket i 2025.

Videosamling etter Gunhild og Birger Kinck samt noko anna videomateriale blei deponert Nasjonalbiblioteket for digitalisering hausten 2025. 1213 objekt blei totalt deponert.

Frå tidlegare er ei stor samling bilde er sendt til digitalisering og deponering ved Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana.

Bø lokalhistoriske arkiv

Det blei arbeid med å digitalisere oversikt over Bø lokalhistoriske arkiv i 2025. Målet er først å gå gjennom dei over 250 arkiva som er samla inn og registrert til no. Kva samlinga består av, skal vere offentleg, og samlinga skal vere lett å finne fram i. Ei eventuell oppretting av databasen i programmet Tidemann blir truleg gjort i 2026.

Publikasjonar:

«Bøkalenderen 2026».

«Sett frå lufta», gamle bilde frå Bø med omtale har vore å finne i Bø Blad nokre gonger.

Styret for Bø museum 2. mars 2026

Kristin Kleppen/s
Geir Sønstebø/s

Kari Lønnestad/s
Gunleiv Brukås/s

Olav Liestøl/s
Ingrid Smedstad/s



Resultatregnskap pr. 31.12.2025
Bø Museum

	Note	2025	2024
Driftsinntekter			
Salgsinntekt		216 359	209 003
Annen driftsinntekt	2	871 772	1 013 410
Sum driftsinntekter		1 088 131	1 222 413
Driftskostnader			
Varekostnader		52 890	30 384
Lønnskostnad	1	483 168	176 653
Avskrivninger på varige driftsmidler	3	6 897	6 899
Annen driftskostnad		895 085	928 533
Sum driftskostnader		1 438 040	1 142 469
Driftsresultat		-349 909	79 944
Finansinntekter			
Annen renteinntekt		81 862	85 644
Annen finansinntekter		0	0
Sum finansinntekter		81 862	85 644
Finanskostnader			
Andre rentekostnader		52	0
Sum finanskostnader		52	0
Ordinært resultat		-268 098	165 588
Årsresultat		-268 098	165 588
Overføringer			
Overføring til annen egenkapital	4	-325 810	112 033
Overføring til bunden egenkapital	4	57 712	53 555
Overføring fra bunden egenkapital	4	0	0
Sum		-268 098	165 588

Balanse pr. 31. desember 2025
Bø Museum

EIENDELER	Note	2025	2024
Anleggsmidler			
Driftsløsøre, inventar	3	0	6 897
Sum varige driftsmidler		<u>0</u>	<u>6 897</u>
Sum anleggsmidler		<u>0</u>	<u>6 897</u>
Omløpsmidler			
Fordringer			
Kundefordringer		21 495	16 128
Andre kortsiktige fordringer		8 237	0
Sum fordringer		<u>29 732</u>	<u>16 128</u>
Bankinnskudd, kontanter og lignende		2 209 954	2 354 798
Sum omløpsmidler		<u>2 239 686</u>	<u>2 370 926</u>
Sum eiendeler		<u>2 239 686</u>	<u>2 377 823</u>
EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
Opptjent egenkapital			
Bundet egenkapital	4	1 279 975	1 222 263
Annen egenkapital	4	754 166	1 079 976
Sum opptjent egenkapital		<u>2 034 141</u>	<u>2 302 239</u>
GJELD			
Kortsiktig gjeld			
Pensjonsforpliktelser		0	1 575
Leverandørgjeld		34 787	12 726
Annen kortsiktig gjeld	5	170 758	61 282
Sum kortsiktig gjeld		<u>205 545</u>	<u>75 583</u>
Sum egenkapital og gjeld		<u>2 239 686</u>	<u>2 377 823</u>

Bø i Telemark den 24.03.2026




Kristin Kleppen
Styreleiar



Geir Sønstebo
Nestleiar



Olav Liestøl
Styremedlem



Kari Lønnestad
Styremedlem



Gunleiv Brukås
Styremedlem



Ingrid Smedstad
Representant frå Midt-Telemark kommune

Reynskapat er revidert og funnet i orden.

Bø 10.03.2026



Bø museum:

Resultatregneskap Støttegruppa 2025

	Inntekter	Utgifter
Julemessa	114 380,00	77 170,74
Suppekjele		1 000,00
Juledukar		140,00
Tilskot pipe Åsestugo		44 000,00
Sum	114 380,00	122 310,74

I banken 1.1.2025, brukskonto	30 637,48	
Inntekter 2025	114 380,00	
Utgifter 2025	-122 310,74	
Renter 2025	19,56	
Gebyr 2025	-8,00	
Overført frå sparekonto 2. desember	50 000,00	
Overført frå sparekonto 9. desember	50 000,00	
Overført til sparekonto 30. desember	-100 000,00	
Brukskonto pr 1.1.2026	22 718,30	st
I banken 1.1.2025, sparekonto	193 524,53	
Overført til brukskonto 2. desember	-50 000,00	
Overført til brukskonto 9. desember	-50 000,00	
Overført frå brukskonto 30. desember	100 000,00	
Renteinntekter 2025, sparekonto	5 749,45	
Sparekonto pr 1.1.2026	199 273,98	st

24.jan.26

Bergit Li

Regnskapet er revidert
og funnet i orden.

Bø 10.03.2026

Hans Martin Rystad

Årsplan 2026 - forslag

(ansvarleg ført i parentes for kvart tiltak)

Formidling, årets tiltak:

- Undervisning for barnehage og grunnskule. Ta imot grupper frå vidaregåande skule, universitet, andre grupper (Bergit Li, Kari R. Monge, dagleg leiar).
- Planlegge og utarbeide sommarutstilling (utstillingsgruppa/ressurs: dagleg leiar).
- Ferdigstille/gjennomføre digital utstilling om hardingfelesamlinga ved Bø museum (dagleg leiar/Atle Tjønnås, ekstern kompetanse).
- Planlegge og gjennomføre temakveldar og arrangement (dagleg leiar/arrangementsgruppa).
- Oppdatering av heimeside, Facebook, Instagram (Bergit Li, Kari Lønnestad/dagleg leiar).
- Julemessa 2026 (styret, frivillige, dagleg leiar).
- Open dag på museet i september, opne utstillingar, foredrag mm. (støttegruppa, styret, dagleg leiar)
- Utgje årleg kalender, og legge inn tidlegare kalenderbilde med tilhøyrande tekst i digitalt museum.

Drift/forvaltning, årets tiltak:

- Følgje opp samarbeidet i Midt-Telemark Museumslag (styreleiar/dagleg leiar)
- Utvikling bevaringsløysningar/oppfølging samlingsforvaltning (dagleg leiar, ressurs: frivillige etter avtale).
- Oppfølging inntaks-komité gjenstandar, privatarkiv og foto (dagleg leiar/styreleiar/Finn R).
- Prioritera orden i museets arkiv: opprydding/om-emballering i arkiv kommunehuset (dagleg leiar, styreleiar/Bergit Li/frivillige etter avtale).
- Arbeide for faste midlar til stilling dagleg leiar (dagleg leiar, styret, ressurs: styreleiar).
- Følgje opp strategi/plan for utvikling av museumsområde Oterholt/Kvennøya (dagleg leiar/styret).
- Sende søknadar til ulike prosjekt, fortløpande aktuelle (Bergit Li, dagleg leiar, ressurs: styret).
- Medlemsverving (styret, dagleg leiar).
- Følgje opp nettverk og ekstern kompetanse (dagleg leiar).
- Følgje opp forskning og publikasjonar (dagleg leiar, ressurs: styret/Finn Rønning).
- Internkontroll HMS tiltak
- Søke Telemark fylkeskommune om nedsett fartsgrense ved Oterholt bru. (Geir Sønstebø, ressurs styret/dagleg leiar).

Bygningsvern, større prosjekt årets tiltak:

- Oppfølging planarbeid museumsområda Oterholt/Kvennøya (Geir Sønstebø, Olav Liestøl, dagleg leiar, ressurs styret).
- Betre skilting på museumsområda (dagleg leiar/administrasjon).
- Gjennomføring av tiltak (første fase) i planverk utvikling av museumsområde Oterholt/Kvennøya. Det gjeld bru og tursti og evt flytting av stabbur på Kvennøya (dagleg leiar, prosjektgruppa, vedlikehaldsgruppa).
- Opning av nytt bygg og traktor flytta til museumsområdet (dagleg leiar, vedlikehaldsgruppa).
- Følgje opp akutte klimautfordringar utstillingsbygg/kommunehuset (dagleg leiar/Bergit Li, søknadsmidlar)
- Vask og eventuelt måling av Polen (søknadsmidlar)

BØ MUSEUM - Budsjett 2026 - forslag

		Budsjett 2026	Rekneskap	Budsjett 2025
		forslag	pr 31/12-2025	vedtatt
Driftsinntekter				
3021 Varesalg Pakkbua		45 000	42 256,00	50 000
3100 Salg av bøker, tidsskrifter		200 000	62 578,19	200 000
3200 Billettinntekter		75 000	73 460,00	70 000
3201 Kursavgift		-	3 415,00	-
3205 Kafe og kiosksalg etc		35 000	34 649,75	50 000
3400 Spesiell off. tilskudd/mva-komp.		100 000	100 108,00	80 000
3430 Tilskudd frå Midt-Telemark kommune		410 000	410 000,00	406 000
3600 Leieinntekter fast eiendom		15 000	13 083,00	14 000
3901 Tilskot frå støttegruppa		-	44 000,00	-
3903 Tilskot, gåver		350 000	277 381,12	200 000
3920 Medlemskontingent		30 000	27 200,00	30 000
		1 260 000	1 088 131,06	1 100 000
Driftskostnader				
4300 Innkjøp varer for videresalg		-30 000	-37 876,54	-15 000
4301 Innkjøp av bøker/kalend. for videresalg		-175 000	-15 013,00	-175 000
5000 Lønskostnader		-400 000	-483 168,08	-477 000
6010 Avskrivninger transp.mid./mask/inv.		-	-6 897,00	-7 000
6300 Lager og tomteleige		-24 000	-38 400,00	-25 000
6320 Renovasjon, vann, avløp mv.		-10 000	-8 966,00	-10 000
6340 Lys, varme		-90 000	-83 844,31	-80 000
6370 Brann -og innbruddsalarm		-35 000	-40 696,75	-50 000
6390 Annen kostnad lokaler		-30 000	-132 083,13	-10 000
6420 Leie datasystemer og internett		-150 000	-130 335,75	-197 000
6490 Annen leiekostnad		-	-8 044,00	-
6540 Inventar (Res)		-5 000	-1 827,00	-10 000
6545 Foto-og datautstyr		-10 000	-95 939,00	-20 000
6550 Driftsmateriale		-25 000	-18 066,26	-20 000
6560 Utstillingskostnader		-25 000	-23 109,00	-30 000
6600 Reparasjon og vedlikehold bygninger		-400 000	-167 057,06	-250 000
6620 Reparasjon og vedlikehold utstyr		-10 000	-21 900,00	-5 000
6691 Brøyting og strøying		-5 000	-5 650,00	-7 000
6720 Honorar		-10 000	-3 000,00	-10 000
6800 Kontorrekvisita, tidsskrift		-8 000	-7 108,04	-5 000
6860 Møter, kurs, oppdatering etc.		-5 000	-2 250,00	-6 000
6940 Porto		-3 000	-2 461,54	-4 000
7100 Reise		-8 000	-9 600,00	-4 000
7162 Bevertning		-12 000	-11 343,49	-7 000
7320 Annonsering		-15 000	-12 769,00	-15 000
7400 Kontigenter, gåver		-12 000	-8 601,00	-5 000
7500 Forsikringspremier		-55 000	-58 728,28	-60 000
7770 Gebyr		-4 000	-3 305,60	-4 000
		-1 556 000	-1 438 039,83	-1 508 000
	Resultat	-296 000	-349 908,77	-408 000

Vedtekter for Bø museum

§ 1:

Bø museum er skipa 26. september 1977 og er eit resultat av det arbeidet Bø kommune, Bø ungdomslag, Bø Bondekvinnelag, Bø Historielag, Spelemannslaget Bøheringen, Bø mållag og Telemark distriktshøgskole har gjort for å ta vare på bygningar, gjenstandar og anna tradisjon som er særmerkt for kulturtradisjonen i Bø.

Forslag til ny tekst, del av § 1:

Bø museum er skipa 26. september 1977 og er eit resultat av det arbeidet Bø kommune, Bø ungdomslag, Bø Bondekvinnelag, Bø Historielag, Spelemannslaget Bøheringen, Bø mållag og Telemark distriktshøgskole har gjort for å ta vare på bygningar, gjenstandar og anna tradisjon som er særmerkt for kulturtradisjonen i Bø. Bø museum er medlem av Norges museumsforbund og følger ICOMs etiske regelverk i tråd med Norges Museumsforbunds vedtekter og retningslinjer for medlemskap.

Bø museum har som oppgåve å føre dette arbeidet vidare ved:

1. Å drive museumsverksemd og aktivisere innbyggjarane til å ta vare på og utvikle alt som har kulturhistorisk verdi for Bø.
2. Å samle og sikre dokumentasjon, drive formidling og utvikle ny kunnskap gjennom forskning.

§ 2:

Bø museum er eit eige rettssubjekt. Museet er ein medlemsorganisasjon der òg einskildpersonar og verksemdar kan bli medlemmer.

Aktiviteten ved museet skal drivast og utviklast i eit nært og forpliktande gjensidig samarbeid med Midt-Telemark kommune.

§ 3:

Årsmøtet i Bø museum vel leiar og fire styremedlemmer samt 3-5 varamedlemmer i prioritert rekkefølge til styret. Styret konstituerer seg sjølv. Midt-Telemark kommune ved Utval for oppvekst og kultur oppnemner ein representant med vararepresentant til styret for den kommunale valperioden.

Leiar og varamedlemmer blir valde for eitt år, dei andre styremedlemmene for to år.

Årsmøtet fastset medlemspengane og vel også revisor og valnemnd.

§ 4:

Styret har ansvaret for at drifta ved Bø museum blir forvalta forsvarleg. Det er styret sitt ansvar å legge fram årleg budsjett og syte for forsvarleg rekneskapsføring.

Styret er vedtaksført når minst fire av medlemmene er til stades. Ved lik røysting har leiar dobbelrøyst.

Styret har ansvar for tilsetting av dagleg leiar/konservator.

Dagleg leiar/konservator har talerett og forslagsrett på styremøta.

§ 5:

Årsmøte skal haldast innan utgangen av mars kvart år. Styret kallar inn til årsmøtet. Det skal kunngjerast med minst 14 dagars varsel. Årsmøtet blir leia av ein vald møteleiar. Årsmøtet vedtek årsmelding, rekneskap, budsjettframlegg og arbeidsplan for komande år. Det skal

sendast innkalling til dei sju skiparane som er nemnd i § 1. Ein representant for kvar av desse har ei stemme på årsmøtet.

§ 6:

Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn når styret finn det ønskjeleg eller når minst 1/3 av medlemmene krev det. Kunngjering skal skje minst 14 dagar før møtet. Det er røyserett berre ved personleg frammøte.

§ 7:

Gjenstandar som er innlemma i samlinga til Bø museum, kan ikkje seljast eller på annan måte avhendast utan vedtak i styret. Avtale om utlån og deponering skal også gjerast av styret. Sal av bygningar og eigedomar må leggjast fram for årsmøtet.

§ 8:

Vedtak om endring av vedtekter må gjerast med 2/3 fleirtal på årsmøtet. Forslag om vedtektsendring skal sendast Midt-Telemark kommune til uttale og vere handsama i styret før årsmøtet.

§ 9:

Eventuell oppløysing av Bø museum må handsamast som vedtektsframlegg og må vere vedteke på to etterfølgjande årsmøte for å vere gyldig.

Ved ei avvikling av medlemsorganisasjonen Bø museum, vil Midt-Telemark kommune kunne bistå muséet i arbeidet med å kome fram til løysingar som sikrar felles verdier for framtida.

Vedtektene blei endra av årsmøtet i Bø museum 27. august 2020.

Vedtektene blei endra av årsmøtet i Bø museum 16. mars 2023.

Vedtektene blei endra av årsmøtet i Bø museum 21. mars 2024.

(Bø museum var konsolidert med Telemark Museum frå 01.01.2003 til 31.12.2015. I denne perioden hadde Telemark Museum driftsansvaret for Bø museum.)